

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Leksvik.

Emne: Bålbrænnin på visse dagar
i året.

Bygdelag: Leksvik sokn.

Oppskr. av: Johan Moan,

Gard: Moan.

(adresse): Leksvik.

G.nr. 8 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
og delvis etter foreldra mine, som er 85 og 82 år gamle.

SVAR

Eit bål, som til dømmes jonsokbålet, heiter bål her i Leksvik. Er det derimot eit lite bål, berre for å koka opp kaffekjelen ute i det fri, blir det vanlegvis kalla varme.

Ein veit aldri om at dei har brend bål i jula. Heller ikkje i påskhelga. Men om kvelden den 17. mai, pinse-aftan og jonsok-afta har det vori vanleg med bålbrehning.

Det fans ikkje ungdomslag eller andre lag for dei unga før i tida. Heller ikkje var det møtehus der dei kunne komma samman til leik og dans. Om kvelden den 17. mai, pinse-afta og sankt-hansafta samlast derfor ungdommen på visse stader for å brenna bål, leika og dansa, og for å ha annan morro.

Her i Leksvik var det Våttåen eller Våttåhøgda som var frakaste samlingsstaden. Våttåen er den høgda der varden stod i gamle dagar. Her er høgt og fritt, med utsyn over Trondheimsfjorden og bygdene på sørssida av fjorden. Her er ein fin og flat grasvoll på toppen av høgda, akkurat høveleg til leikarvoll. Og her er tjukk granskog og nøgda med eine rundt i kring, så det har alltid vori lett å få tak i brennefang til bålet.

Det kunne og bli brend bål på andre stader i bygda, som til dømmes på høgda ovafor Lerstad-gardane, på ei

høgd ved Oxåsen og på Sollikammen. Men på ingen av desse stadane var det ein slik fin leikarvoll som på Våttåն.

Derfor var det og til Våttåն ungdommen før på slike kveldar. På dei andre stadane var for det meste ungar som heldt til.

Noko som var sams for all slik bålbrening, var om å få så stort eit bål som mogleg. Og så måtte det vera mykje røyk. Til brennefang vart da mest brukt granbar og eine, og ein og annan gongen ei tjøratynne.

I gamle dagar var det felespell dei gansa etter. Seinare vart det dragspell. Vilkåra for at det skulle bli slik leik var at det ikkje var regnver. Men var veret berre så nokolunde, var det årvisst med slik leik.

No er det lite att av dette. I midten av trettiåra var det så å seia heilt slutt. Først slutta jonsokleiken.

Og no er det faktisk berre ungar som brenner bål både den 17. mai og pinse-afta. Bygda har no i nokre år hatt eit riktig bra ungdomshus, så ungdommen trøng ikkje dansa ute i det fri. Ikkje gjekk det vel hell, med dei høge og spisse hælane kvinnfolka bruker, å dansa på ein grasvoll. No leikar ikkje kåt ungdom hell dansar polsdans til egande felemusikk på leikarvollen i lyse vårneter. Nei, no vrikkar og vrid dei seg til moderne negermusikk på golvet i ungdomshuset Vonheim. Hell også rasar han bygda rundt på motorsykkel, så vegdumba ryk etter.

Om det var knytte visse skikkar eller visse seremoniar til slik bålbrening skal vera usagt. Det som sikkert var viktigaste grunnen for slik samkome var vel da, som i dag - draginga mellom dei to ulike kjønna. Her kunne det ei slik natt bli knytte band som batt for livet. Men det kunne og henda eit eller anna som ikkje var berre leik og moro. Alt for ofte vart drukki brennevin under slik bålbrening. Og da kunne det og henda at einkvan hadde noko han skulle gjera opp med ein uven i fylla. Så kunne leiken bli berre uhygga.